



Statens vegvesen

Fedje kommune
Kommunehuset
5947 FEDJE

Øyvind Tolleshaug

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Odd Høydalsvik / 55516377

Vår referanse:
16/100659-4

Dykkar referanse:
18/159 – 18/904

Vår dato:
08.05.2018

Svar på søknad om dispensasjon frå byggegrensa – Fv. 423 – gnr. 169 bnr. 44 – Fedje kommune – Søknad om ny avkøyring til eigedomen. Ber om uttale

Vi viser til Dykkar søknad av 20.03.2018 om bygging av ny avkøyring til eigedomen gnr. 169, bnr. 44 og søknad om dispensasjon frå byggegrensa til fylkesveg 423 for bygging av garasje i ein avstand på 6 meter til senterlinja på fylkesvegen.

Når det gjeld søknaden om dispensasjon frå byggegrensa til fylkesveg 423 har Fedje kommune innarbeidd «Rammeplan for handsaming av søknader om dispensasjon frå byggegrensar» i kommuneplanen for Fedje. Det er difor kommunen som skal handsame søknaden etter at Statens vegvesen har gjeve formell uttale til søknaden.

Statens vegvesen har vurdert søknaden om bygging av ny garasje i ein avstand på 6 meter frå senterlinja på fylkesveg 423 og finn at vi ikkje vil kunne tilrå at det vert gjeve slik dispensasjon. Eigedomen ligg i eit kryssområdet der dei tilgrensande vegane har status som fylkesvegar. Vi viser her til veglova § 29 som omhandlar byggegrensar i kryss mellom riks- og fylkesvegar.

Når det gjeld søknad om etablering av ny avkøyring til eigedomen finn vi at løysinga som er vist i søknaden ikkje tilfredsstillar normalkrava til friskt i handbok N100 Veg- og gateutforming. Avkøyringa ligg så nær krysset mellom dei to fylkesvegstrekingane at det vert vanskeleg å få til ei god løysing som sikrar tilfredssillande sikt mot høgare i avkøyringa. På dette grunnlaget vil vi ikkje kunne godkjenne søknaden om ny avkøyring til eigedomen gnr. 169, bnr. 44 og 188 slik det er søkt om.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Vedtak

Med heimel i veglova [§ 40](#) avslår vi søknaden om etablering av ny avkøyrslé frå fylkesveg 423 til [eigedomen](#) gnr. 169 bnr. 44 og 188 i Fedje kommune.

Bakgrunnen for vedtaket

Statens vegvesen skal i vurderinga legge vekt på framkomme og trafikktryggleik på vegen det er søkt om avkøyrslé frå.

Vi har vurdert søknaden og komme fram til at vi ikkje kan godkjenne etablering av avkøyrsla.

Rett til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova § 28. Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet [«klage på forvaltningsvedtak»](#). Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Hordaland fylkeskommune. Send klagen til Statens vegvesen Region vest Postboks 43, 6861 Leikanger, e-post: firmapost-vest@vegvesen.no som vil sende klagen vidare til klageinstansen.

Vedlegg

Veglova [§ 40](#)

Plan og forvaltning Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
senioringeniør

Odd Høydalsvik

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN